

Informasjonsskriv til tilsette

- 13. mars 2020



Volda
kommune

Kjære medarbeidar i Volda kommune

Koronaviruset spreier seg blant folket i landet, og ein har no kome til det stadiet der ein ikkje lenger har kontroll på smittekjeldene. I går sette Helsedirektoratet inn drastiske tiltak. Volda kommune følgjer situasjonen nøye.

Vi opplever no at heile kommuneorganisasjonen står på for å finne gode og praktiske løysingar på utfordringane vi no står i. Vi er i tett dialog med ulike instansar, og følgjer opp så godt som mogleg.

Vi vil igjen presisere at det er viktig å ta situasjonen på alvor og gjere tiltak for å hindre smittespreiing, samtidig som vi må ha beredskap for å handtere situasjonen.

Nasjonale retningslinjer

Dei nasjonale retningslinjene vert stadig endra, og vi ber alle følgje med på den informasjonen som kjem frå sentrale myndigheiter. Volda kommune følgjer Folkehelseinstituttet sine retningslinjer og planlegg tiltak og aktivitet i tråd med dette.

Sektorane jobbar no med ein kontinuitetsplan som skal sikre nok bemanning dersom vi kjem i ein situasjon med høgt fråvær av tilsette.

Liv og helse har høgst prioritet

I den rådande situasjon vert det både nasjonalt og lokalt sett i verk tiltak der liv og helse har høgst prioritet. Dette inneber at ein del praktiske konsekvensar må avklarast etter kvart både nasjonalt og lokalt. Vi ber om forståing for at liv og helse no må prioriterast, og at vi ikkje kan gje klare svar på alle andre spørsmål som kjem i kjølvatnet av dette.

Utreiseforbod for helsepersonell

Helsedirektoratet har nedlagt reiseforbod til utlandet for helsepersonell som arbeider med pasientbehandling. Dette gjeld både reiser i teneste og privat.

Heimekarantene

Vi registrerar at råda frå Folkehelseinstituttet knytt til heimekarantene stadig endrar seg. Vi ber difor kvar enkelt innstendig om å følgje med på dei retningslinjer som til ei kvar tid gjeld. I skrivande stund skal alle som har vore i land utanom Norden ha 14 dagar karantene f.o.m 27. februar. Kom du tilbake frå utenlandsreise etter 27. februar må du sjekke ut om du skal i karantene og orientere næraste leiar om dette.

Tilbod for barn til foreldre der begge jobbar i samfunnskritisk funksjon

Volda kommune skal legge til rette for eit tilbod til barn av foreldre som har kritiske samfunnsfunksjonar. Helsedirektoratet har definert dette som kritiske funksjonar innan:

- Styring og kriseleiing
- Forsvar
- Lov og orden
- Helse og omsorg
- Redningsteneste
- IKT-tryggleik i sivil sektor
- Natur og miljø
- Forsyningstryggleik
- Vatn og avløp
- Finansielle tenester
- Kraftforsyning
- Elektroniske kommunikasjonstenester
- Transport
- Satelittbaserte tenester
- Apotek

Inntil anna melding kjem, vert det vurdert som tilstrekkeleg at den eine av foreldra har kritisk funksjon for at Volda gir eit tilbod til barn / elevar. Dette er for å sikre kontinuitet i funksjonar knytt til liv og helse. Fylkesmannen vil kome med ei presisering av definisjonen av samfunnskritisk funksjon, og de vil då kome meir informasjon om dette.

Tilsette i kommunen på heimekontor

Volda kommune har lagt til rette for at tilsette jobbar heime for å redusere omgang mellom tilsette og redusere smitterisiko. Vi ber om at dei som har heimekontor, legg dette inn i kalendrane i outlook, slik at både sentralbord og kollegaer er informerte om dette. Tilsette som må vere heime med born vil kunne søkje omsorgspengar. Arbeidsgivar vil tidleg i neste veke kome med meir informasjon om korleis tilsette skal forhalde seg til dette.

Reduser reiseaktivitet og unngå folkemengder

Volda kommune rår no tilsette til å unngå å utsetje seg for situasjonar der ein kan verte smitta og så langt det er råd redusere reiseaktivitet og unngå å vere på stadar der det er mykje folk.

Generell oppmoding frå kommuneoverlegen

Kommuneoverlegen oppmodar alle om å vise ansvar, dvs at ein oppmodar til at alle bør tenke som om dei er i heimekarantene, sett vekk i frå at ein kan gå på jobb. Det betyr hald deg heime i størst mogleg grad etter jobb og unngå nærkontakt med andre enn næraste familie. Gå på jobb om det ikkje er mogleg å legge til rette for heimekontor. Pass på at arbeidsgjevar legg til rette for gode hygienetiltak.

Nattlegevakta er flytta til Myrvåg helsesenter.

Bakgrunnen for dette er å skjerme sjukehuset sine pasientar og redusere risikoen for ev spreiding av smitte.

Digital undervisning

Volda kommune legg til rette for at elevane får undervisning gjennom digitale løysingar.

Situasjonen tilseier at dei siste dagane i hovudsak har gått med til å handtere den ekstraordinære situasjonen med koronaviruset som har kome til landet. Vi skal også halde hjula i gang med å levere prioriterte tenester. Så langt det er mogleg held vi også oppe kontinuiteten med dei økonomiske tiltaka i budsjettet og prosessen med nedbemanning.

Drøftingsmøte 12. mars

I informasjonsskriv sist veke vart prosessen knytt til nedbemanning tema, og i tråd med oppsett plan vart det i samband med den pågåande nedbemanningsprosessen gjennomført drøftingsmøte den 12.03.20. i Møtet vart av naturlege grunnar prega av situasjonen knytt til beredskapssituasjonen i samband med utbrotet av koronavirus. Frå arbeidsgjevarsida er det godt å høyre og sjå den innsats dei tillitsvalde legg ned for å bidra til at vi får sikra nødvendige tenester samstundes som vi skal ta vare på våre tilsette. I denne situasjonen må vi stå skulder ved skulder, utan at vi skal gå på akkord med omsyn til ulike roller i samarbeidet.

Sjølv om landet vårt er i ein utfordrande situasjon, så er både arbeidsgjevar og tilsette innstilte på å halde fram med arbeidet knytt til nedbemanning etter den drøftingsplan som er sett opp. Med omsyn til dei restriksjonar som er sett i høve møteverksemd, vil ein legge opp til ein representasjon i møta som er innanfor dei retningslinjer som no er gjeldande.

Arbeidsgjevar hadde i forkant av drøftingsmøtet utarbeidd oversikt over framlegg til utvalskrets. Denne var gjenstand for drøfting, og dei tillitsvalde utfordra arbeidsgjevar til å presisere skriftleg kva kriterium og vurderingar som er gjort gjeldande for framlegget. Dei tillitsvalde ville ikkje ta stilling til utvalskretsen før

dette ligg føre. Ei slik presisering skal vere klar før drøftingsmøtet i neste veke. Etter kvart som ein får avklart endeleg utvalskrets vil informasjonen verte spesifikt retta mot dei som prosessen direkte vil gjelde i fase 1.

Vis solidaritet.

Avslutningsvis i dette informasjonsskrivet vil eg takke for den innsats de legg ned for å bistå i ein krevjande situasjon. Dette er ein situasjon som krev ein felles dugnad. Per i dag veit vi ikkje kor lenge denne ekstraordinære situasjonen vil vare. Eg vil oppmode om at alle tek ansvar og viser solidaritet. Det gjer vi ved å passe på eiga helse. Vidare må vi tenkje etter om det er folk i nær omkrins som kan ha behov for hjelp.

Beste helsing
Rune Sjurgard
Kommunedirektør